

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2018/1983**2020/EØS/7/05****av 26. oktober 2018****om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at visse regionar i Italia er offisielt frie for tuberkulose og brucellose hjå storfebuskarar***[meld under nummeret C(2018) 6981](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innanfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg punkt 4 i vedlegg A avsnitt I og punkt 7 i vedlegg A avsnitt II, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Direktiv 64/432/EØF vert nytta på handel med storfe i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at ein region i ein medlemsstat skal kunne godkjennast som offisielt fri for tuberkulose og brucellose hjå storfebuskarar.
- 2) Kapittel 2 i vedlegg I til kommisjonsvedtak 2003/467/EF⁽²⁾ inneheld ei liste over regionar i medlemsstatar som er vortne godkjende som offisielt frie for tuberkulose hjå storfebuskarar.
- 3) Italia har sendt over til Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar, er oppfylte for provinsen Frosinone i regionen Lazio. Denne provinsen bør difor førast opp i kapittel 2 i vedlegg I til vedtak 2003/467/EF som offisielt fri for brucellose hjå storfebuskarar.
- 4) Kapittel 2 i vedlegg II til kommisjonsvedtak 2003/467/EF inneheld ei liste over regionar i medlemsstatar som er vortne godkjende som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar.
- 5) Italia har sendt over til Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar, er oppfylte for provinsen Roma i regionen Lazio. Ettersom alle dei andre provinsane i regionen Lazio tidlegare har fått status som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar, bør heile regionen Lazio førast opp på lista i kapittel 2 i vedlegg II til vedtak 2003/467/EF som offisielt fri for brucellose hjå storfebuskarar.
- 6) Vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 317 av 14.12.2018, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 139/2019 av 13. juni 2019 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), ennå ikke kunngjort.

(1) TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

(2) Kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose (TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74).

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 26. oktober 2018.

For Kommissjonen
Vytenis ANDRIUKAITIS
Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I kapittel 2 i vedlegg I skal posten for Italia lyde:

«I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara
- Provinsen Bolzano
- Regionen Emilia-Romagna
- Regionen Friuli-Venezia Giulia
- Regionen Lazio: provinsane Frosinone, Rieti og Viterbo
- Regionen Liguria
- Regionen Lombardia
- Regionen Marche: provinsane Ancona, Ascoli Piceno, Fermo og Pesaro-Urbino
- Regionen Piemonte
- Regionen Sardinia: provinsane Cagliari, Medio-Campidano, Ogliastra, Olbia-Tempio og Oristano
- Regionen Toscana
- Provinsen Trento
- Regionen Umbria
- Regionen Veneto»

2) I kapittel 2 i vedlegg I skal posten for Italia lyde:

«I Italia:

- Regionen Abruzzo: provinsen Pescara
 - Provinsen Bolzano
 - Regionen Emilia-Romagna
 - Regionen Friuli-Venezia Giulia
 - Regionen Lazio
 - Regionen Liguria
 - Regionen Lombardia
 - Regionen Marche
 - Regionen Molise: provinsen Campobasso
 - Regionen Piemonte
 - Regionen Puglia: provinsen Brindisi
 - Regionen Sardinia
 - Regionen Toscana
 - Provinsen Trento
 - Regionen Umbria
 - Regionen Valle d'Aosta
 - Regionen Veneto»
-